



Kystverket
Hovedkontoret
Postboks 1502
6025 ÅLESUND

Vår ref:
25/6160 - GBNR - MM

Dykkar ref.

Dato:
09.05.2025

Planid. 4648.202501 Notat frå planoppstartsmøte 20.mars 2025, Bremanger kommune, revidert etter tilbakemelding

GENERELLE OPPLYSNINGAR	
Planidentifikasjon/ Arkivsaknr.	4648.202501 25/917
Sakstittel	Detaljregulering av farlei Florø-Stad
Møtedato og -stad	20.mars 2025, Teamsmøte
Møtedeltakarar/ rolle	Frå forslagsstillar Rita Svendsbøe, Henrik Langseth Kristoffersen og Trym Nilsen frå Kystverket Sissel Enodd og Johanne Arff frå Multiconsult Frå Kinn kommune Janicke Svendal Heidi Dyrøy Frå Bremanger kommune Inger Hilde Magnhild Myklebust
Område, gbnr.	Sjøområde i Kinn og Bremanger
Plantype, plannamn	Detaljregulering, Farlei Florø-Stad
Føremålet med planen	Utbetring av farleia mellom Florø og Stad ved å auke djupna og breidda i farleia. Tiltaka vil gi redusert seglingsdistanse og sjøreise i ei skjerma farlei. Dette vil redusere risikoen for ulukker, betre framkome og redusere utslepp frå fartøy.
Framlagt materiell	Førebels utkast til planprogram, datert 14.02.2025 Farlei Florø-Stad – Sjøbunndsdeponi, lokalisering og undersøkelsesplan (Multiconsult 10260975-02-TVF-RAP-001). Sosi-fil over tiltaksområda
Planlagde tiltak i Bremanger komm.	Utdjuping av område ved Olaskjeret og i Skatestraumen, og mulig deponi for overskotsmasse ved Storøyna.
Verknader av reguleringsplanen utanfor planområdet	Massane frå tiltaket skal som utgangspunkt bli nytta til samfunnsnyttige føremål og bli brukt til etablering av t.d. næringsområde i regulerte utfyllingsområde. Eventuell deponering på land inngår ikkje i planen. I tilfelle det ikkje er mogleg å nytte overskotsmassane i godkjende


Adresse
Rådhuset, Postboks 104,
6721 Svelgen

Telefon:
57 79 63 00


Org.nr.
959 318 166
Bankkontonr.
3776 07 50035

E-post postmottak:
post@bremanger.kommune.no
E-post sakshandsamar:
magnhild.myklebust@bremanger.kommune.no

Internett
www.bremanger.kommune.no


	område, er det bestemt å regulere område til sjødeponi som ei reserveløysing. For å finne eigna sjødeponi er det vurdert ca. 30 alternative lokaliseringar. Desse er skildra i framlagt rapport. I Bremanger kommune er det berre lokalitet ved Storøyna som er vurdert å vere aktuell.
PLANFØRESETNADER	
Gjeldande plangrunnlag for området	
Kommuneplan	Arealdelen til kommuneplanen for Bremanger 2024-2036, planid. 4648.201804. Kommunedelplan for Rugsund-Leirgulen, planid. 1438.201211.
Reguleringsplan	Områda er ikkje regulerte frå før.
Forholdet til arealplan og planar i området	Utdjupingsområda har føremål «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (V)». Utdjupingstiltaka er ikkje i samsvar med overordna plan. Deponiområde ved Storøyna har føremål «Fiske». Området er prioritert til kaste- og låssetting, og deponi er ikkje i samsvar med føremålet.
Pågåande planarbeid	Ingen relevante
Andre relevante føringar (statlege, regionale og kommunale)	Jf. kap 3 i utkast til planprogram. I tillegg: Statlige planretningslinjer for klima og energi (2024) H-6/18 Lover og retningslinjer for planlegging og ressursutnytting i kystnære sjøområder
Krav om konsekvensutgreiing / planprogram	Tiltaket er vurdert å utløyse krav om konsekvensutgreiing og planprogram, då planen vil leggje til rette for deponi for masse i sjø større enn 50 dekar eller 50 000 m ³ masse, og planen kan gje vesentlege verknader for miljø og samfunn som følgje av mogleg konflikt med verdier knytt til marint naturmangfald.
Planfaglege vurderingar	Det må utarbeidast separate plandokument (planprogram, plankart, føresegner og planomtale med ROS) for Bremanger og for Kinn kommune. KU kan eventuelt vere felles dokument.
PLANAVGRENSING	
Kart med planavgrensing (Bremanger kommune)	 Olaskjeret:

Skatestraumen og mulig deponi ved Storøyna:



Gjeldende
arealplan med
planavgrensing


Olaskjeret, KPA Bremanger 2024-2036




Område i sjøen er avsett
til:

- Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone (V)
- Farleilinje gjennom utdypingsområdet
- Bandlegging etter lov om naturvern (H720_7 Vengane naturreservat (nord-vest for grunnene)

Olaskjeret, KDP Botnane, planid. 201212



Området i sjøen er
avsett til: Bruk og vern
av sjø og vassdrag
med tilhørende
strandsone

	Hornelsflua, Skaten, KPA for Bremanger 2024-2036  Deponi vest for Storøyna, kommunedelplan Rugsund - Leirgulen 	Område i sjøen er avsett til: ○ Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (lys blå) ○ Farleilinjje ○ Samferdslelinje – hovudveg (Skatestraumtunnelen – undersjøisk tunnel)
VIKTIGE INTERESSER, UTGREIINGSBEHOV OG PREMISSAR FOR VIDARE PLANARBEID – førebels vurdering.		
Naturmangfald	Verknader for Vengane naturreservat (ved Olaskjeret) og Haukedalsholmane naturreservat (ved Skatestraumen) må utgreiast, spesielt knytt til støy- og lysureining i anleggsfasen. Marint biologisk mangfald i planområdet og influensområdet må kartleggjast, og det må planleggjast avbøtande tiltak for å ivareta marint biologisk mangfald under anleggsperioden og etterpå.	
Kulturlandskap og -minne	Potensiale for funn av marine kulturminne.	
Strandsone, sjø og vassdrag	Påverknaden vil primært vere knytt til anleggsperioden. Skatestraumområdet er populært for dykking.	
Naturressursar (landbruk, fiskeri, mineralress. etc.)	Deponi ved Storøyna kan vere i konflikt med fiskeriinteresser/ låssettingsplass. Bør avklarast med Fiskeridirektoratet før ein går vidare med lokaliteten. Registrerte haustefelt for tare og fiskeplassar for passive reiskap ved Olaskjeret. For planar som genererer større mengder overskotsmasse (over 5 000 m3) set kommuneplanen (§1.3.1) krav til utarbeiding av ein massedisponeringsplan i samsvar med avfallspyramiden sine prinsipp om å prioritere reduksjon, gjenbruk og materialgjenvinning. Det må setjast av nødvendig areal i planen for handtering av	

	massar/mellomlager dersom gjenvinning eller gjenbruk av massane er aktuelt. Berre massar utan gjenbruks- eller gjenvinningspotensiale bør deponerast. Dette er eit generelt krav. Kystverket har målsetting om at massane skal bli nytta til utbygging av formål som har samfunnsnytte. Dersom gjenbruk/gjenvinning er tilstrekkeleg omtala i plandokumenta er det ikkje krav om ein eigen plan for massedisponering. Eventuelt behov for areal til handtering/mellomlagring av massar må evt løysast i i utbyggingsprosjekta som skal motta massane.
Omsyn til omgjevnadane	Støy og visuell påverknad på busetnad i nærområdet og friluftslivsaktivitet på land og sjø i anleggsperioden.
Infrastruktur / VA	Ingen kommunal infrastruktur på sjøbotnen i planområda. El./tele og fiberkablar må sjekkast.
Støy og støv/forureining	Støypåverknad i anleggsfasen må utgreiast. Sedimentundersøking for å avklare eventuell ureina grunn ved Skatestraumen.
Beredskapsmessige vurderingar / ROS-analyse	Risiko knytt til utdjupeing over Skatestraumtunnelen må vurderast særskilt. Verknad for skipstrafikken i anleggsperioden.
Høyringspartar	Grendalag og turlag, i tillegg til grunneigarar og offentleg mynde. Kommunen kan lage varslingsliste.
Behov for medverknadsprosessar	Ingen utover ordinære krav til medverknad. Behov for god informasjon i samband med oppstart av tiltak.
GENERELT OM PLANPROSESS OG KRAV	
Krav til varsel om oppstart av planarbeid	1. Forslagsstillar skal varsle oppstart av planarbeidet i minst 1 avis som er alminneleg lest på staden (Firdaposten, Fjordenes tidende, Fjordabladet). Varsling skal innehalde vurdering av KU-plikt. 2. Kommunen legg varsel om oppstart ut på kommunen si heimeside. 3. Samstundes skal det sendast brev til offentlege instansar (sjå vedlagt høyringsliste), grunneigarar og naboar med orientering om planarbeidet, dagens og framtidig planstatus og formålet med planen. 4. Kommunen sender naboliste og oversikt over lag/organisasjonar som må varslast. Naboliste kan evt. bestillast frå Ambita, Norkart eller Proconet. 5. Høyringsfristen skal vere på minst 4 veker (lenger ved ev. ferie). 6. Referat frå oppstartsmøte skal sendast som vedlegg. Forslagsstillar skal sende digital planavgrensing i gjeldande SOSI-format, samt varslingsbrev og annonsen, til kommunen for kontroll før melding om oppstart.
Kart og plandata	Digitale kart- og plandata kan bestillast frå kommunen sine kartløysingar og blir formidla via e-torg/Norkart. Dei blir levert i formata SOSI, DWG eller DXF.
Krav til innlevering av plandokument	Forslagsstillar/konsulent er gjort kjent med kommunen og plan- og bygningslova sine krav til planframstilling. Plandata skal oppfylle kommunen sine tekniske krav før planforslaget blir sendt til 1. gongs handsaming. Kommunen sine krav og malar for planframstilling vil bli sendt direkte til plankonsulenten. Plandokumenta skal leverast i følgjande format: - Plankart i pdf-format og i gjeldande SOSI-versjon - Reguleringsføresegner i pdf- og word-format - Planomtale i pdf- og word-format - Ev. rapportar og utgreiingar i pdf-format Andre dokument:

	- Kopi av kunngjering, varslingsbrev og adresseliste - Kopi av innspel ved oppstart av planarbeidet - Ev. illustrasjonar Planavdelinga ønskjer ein god dialog om planframlegget før det vert levert inn til handsaming. Vi minner om krava til universell utforming av dokument, jf. vedlegg.
Framdrift	Varsel om planoppstart og høyring av planprogram i løpet av april/mars. Godkjenning av planprogramma i formannskapa i august/september. Bremanger kommune må ha saka oversendt seinast 10.august dersom saka skal leggjast fram til FSK 28.august.
Gebyr	Ved offentlig detaljregulering er det ikkje sakshandsamingsgebyr.
Andre merknader/kommentarar:	Det er avtalt at Kystverket skal stå for utarbeiding og fremjing av forslag til reguleringsplan, og legge planen ut til offentlig ettersyn, jf. plan- og bygningslova §3-7. Kommunen skal ha planframlegget til gjennomsyn før utlegging til offentlig ettersyn. Avhengig av tidspunkt for gjennomføring kan det vere prosjekt i Bremanger kommune med behov for masse. Vi legg til grunn at samfunnsnyttige føremål vert prioritert framfor å legge massar i deponi.

STADFESTING OG ATTERHALD

Informasjonen frå kommunen er gitt så langt det er mogleg på grunnlag av tilgjengeleg informasjon under oppstartsmøtet. Verken oppstartsmøtet eller referatet gir rettar i den seinare sakshandsaminga. Protestar frå naboar og andre, krav frå offentlege mynde og andre vil kunne føre til krav om endring av prosjektet. Kommunen føreset at eventuelle endringar i planen etter offentlig ettersyn, vert gjort av konsulent.

Helsing

Magnhild Myklebust
Leiar plan og forvaltning

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kinn Kommune

Postboks 294

6701

Måløy